

Hayseed

24. februar 2003 · Haavebua



220203_Hayseed

2003

24. FEBRUAR

HAAVEBUA

Frå arkivet

Florø: Terje Kjølraug og Bandet Hayseed varta opp med rock av beste merke på Haavebua laurdag.

Eige best Det var dessutan dei eigenproduserte låtane som gjorde størst inntrykk. Nokre av låtane til Hayseed minner ein del om det livebandet framfor nokon i Bergen, "Yee ha wanna have a Baba", gjorde midt på 90-talet. Berre noko meir rocka, og med større gitarressursar.

Sjølv om Hayseed leverer varene, så var det skuffande at berre 130 hadde funne vegen til Haavebua denne laurdagen. Det kunne verke meir ettersom alle var pakka kring bandet på scena. Det betyr at Rockeklubben går i tap. Vi måtte hatt kring 160 betalande for å gå i null, så det vart raude tal, måtte formann i rockeklubben, Tor Hjalte, vedgå.

Satsar Sjølv om dei fire i Hayseed spelar mykje, klarar dei ikkje å leve av musikken åleine. Dei er likevel budde om kontrakten skulle komme flytande. Vi har alle jobbar utanom for å ha til salt i maten, men vi er budde på å satse for fullt om høvet skulle melde seg, seier bassist Endre Hallre. Å endre profil for å tekkast plateselskapa gjer dei likevel ikkje. Vi bygger stein for stein og blir signa på nytt om vi gjer gode jobbar, fortel Kjølraug som syntes det var artig å spele i Florø igjen. Det var jævlig kjekt, men litt spesielt. Eg blir litt smånervøs når eg skal spele heime når eg kjenner så mange i publikum, seier han, godt nøgd av jobben. Vi gjekk i alle fall frå Haavebua med ei kjensle av at beinmargen hadde fått etterlengta massasje. Ein rus eg trygt kan anbefale dei som køyrer bil.

Dag Frøyen () Firdaposten/Lokal kultur 24.02.03

OM HAYSEED

EENERGISK: "With strings upsidedown for a lefthanded genius" Terje Kjølraug og bandet Hayseed var i hundre på Haavebua laurdag. (Foto: Dag Frøyen) Hayseed er eit band som framleis ikkje har platekontrakt. Dei ligg i vasskorpa og vakar, og etter konserten laurdag å dømme bør kvartetten signerst med det første. Sjølv om det er mange om beinet i denne sjangeren, har Hayseed utvilsomt eigenart. Det Terje Kjølraug sine seks strengar skaper er så tøft at du blir heilt fanga. Sjølv om han kunne ha halde publikum i Florø fanga ein time med gitarsoloar, tok han ikkje av. Uttrykket var balansert og tett, og vokalist Morten Fredheim har ei stemme og ei utstråling vi sjeldan har opplevd frå ei scene i Florø. Og ja, sceneshowet spelar ei stor rolle. Og laurdag vart vi rivne med.



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 59.